Telemark
FYLKESKOMMUNE

FYRESDAL KOMMUNE
Klokkarhamaren 6
3870 FYRESDAL

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato:	19.10.2026
Deres dato:	07.10.2026
Vår referanse	24/03764-8
Deres referanse:	2026/1072-1
Vår saksbehandlar:	Kristine Gisholt

Uttale til endring etter enklare prosess (pbl § 12-14) av reguleringsplan for Molandsmoen industri- og friluftsområde - planID 202201 - Fyresdal kommune

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 07. oktober 2026 om endring av reguleringsplan for Molandsmoen industri- og friluftsområde i Fyresdal kommune. Frist for uttalen er sett til 28. oktober 2026.

Formålet med og bakgrunnen til planarbeidet

Formålet med endringa er ein presisering av kva som er omfatta i planføresegn 5.1 og 5.2.

Fyresdal kommune vurderer førebels at endringa ikkje går ut over hovudrammene i planen og heller ikkje rører ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde, og derfor kan behandlast etter enklare prosess, jf. pbl § 12-14.

Rollene og ansvaret til fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune har fått planforslaget til uttale i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-14.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgt opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planstyresmakt og planfagleg rettleiar. Uttalen frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltarens tilgang til å fremje motsegn. Denne samarbeidsavtalen blir inntil vidare vidareført mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Planfaglege råd

Postadresse:
Telemark fylkeskommune
Postboks 2844
3702 Skien

Sentralbord:
35 91 70 00

Org. no.:
929 882 989

telemarkfylke.no
post@telemarkfylke.no

Vi tilrår at det i føresegnene blir sett ein avgrensing på kor stor del av bygningsmassen som kan overstige maks mønehøgd.

Konklusjonen frå fylkeskommunen

Etter vurderinga frå fylkeskommunen vil ikkje endringa av reguleringsplanen vere i strid med interessene vi er sette til å vareta, og vi har ingen ytterlegare kommentarar til planendringa.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleder
Samfunn og plan

Kristine Gisholt
rådgiver
kristine.gisholt@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Mottakere:
FYRESDAL KOMMUNE

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
STATENS VEGVESEN

Saksbehandlar
Kristine Gisholt - hovudsaksbehandlar tlf. 92 81 20 52 e-post: kristine.gisholt@telemarkfylke.no